



DET KONGELIGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Arbeids- og sosialkomiteen i Stortinget
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Deres ref
2021/4972

Vår ref
21/4371-

Dato
22. desember 2021

Representantframlegg 45 S (2021–2022) om ein opptrappingsplan for fleire varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA) og oppfølginga i VTA i ordinære verksemdar

Eg viser til brev frå Stortinget sin arbeids- og sosialkomité frå 7.12.21. Komiteen ber meg vurdere representantframlegg 8:45 S (2021–2022):

- 1. Stortinget ber regjeringa, senest innan forslag til revidert nasjonalbudsjett for 2022, komme tilbake til Stortinget med en forpliktende opptrappingsplan for flere varig tilrettelagte arbeidsplasser (VTA) i både skjermet og ordinær virksomhet. Stortinget ber regjeringa rapportere på opptrappingsplanen i de årlige budsjettproposisjonene.*
- 2. Stortinget ber regjeringa sørge for at det utvikles bedre modeller for oppfølging i VTA-O, hvor også andre aktører enn Nav – eksempelvis HELT MED – kan være ansvarlig for oppfølging.*

Før eg går inn på dei to framlegga, vil eg peike på at regjeringa ser varig tilrettelagt arbeid som ei god ordning som har opna arbeidslivet for mange uføretrygda. Mange deltakarar har kome ut av isolasjon og inn eit arbeidsfellesskap. Ikkje minst gjeld dette mange med utviklingshemming eller psykiske lidningar.

Representantforslag: Stortinget ber regjeringa, senest innen forslag til revidert nasjonalbudsjett for 2022, komme tilbake til Stortinget med en forpliktende opptrappingsplan for flere varig tilrettelagte arbeidsplasser (VTA) i både skjermet og ordinær virksomhet. Stortinget ber regjeringa rapportere på opptrappingsplanen i de årlige budsjettproposisjonene.

I tråd med Hurdalsplattforma er regjeringa innstilt på å kome med framlegg om auke i talet på plassar i VTA i statsbudsjetta i åra framover. I Hurdalsplattforma skriv regjeringa at ho vil styrkje fleire arbeidsmarknadstiltak som er retta mot dei gruppene som står lengst frå arbeidslivet og gjere dei tilgjengelege for fleire. Det gjeld mellom anna varig tilrettelagt arbeid. Andre tiltak som regjeringa vil styrkje er arbeidsførebuande trening, kvalifiseringsprogrammet og praksisplassar.

Den ordinære budsjettprosessen sikrar ei heilskapleg handsaming av den samla ressursbruken til staten. Det kan og være vanskeleg å sjå i førevegen kva som bør prioriterast fleire år fram i tid. Det syner mellom anna dei utfordringane vi har i dag, med ein alvorleg pandemi.

Eg meiner og at arbeidet med å styrkje VTA bør byggje på faglege vurderingar og at det trengst ei utgreiing av behovet for plassar. Behovet for plassar i VTA vart greidd ut av Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) i 2012. AFI nytta dels registerdata og dels intervju med tilsette i Arbeids- og velferdsetaten, kommunane og tiltaksarrangørane. Rapporten dokumenterte at det var behov for fleire plassar, men og at det er krevjande å talfeste behovet. Den viktigaste årsaka til at dette er vanskeleg, er at målgruppa for VTA ikkje berre er avgrensa av objektive kriterium, men i stor grad grunna på skjønnsmessige vurderingar av behova til brukarane. Det er dei lokale NAV-kontora som gjer desse vurderingane.

Eg trur likevel det kan være nyttig å sjå nærare på korleis tilbodet vert oppfatta av dei relevante aktørane på lokalt nivå, på dei lokale NAV-kontora, i kommunane og hos VTA-arrangørane. At det snart er ti år sidan førre undersøking kan og tale for å gjere ei ny utgreiing av behovet for plassar.

Representantforslag: Stortinget ber regjeringen sørge for at det utvikles bedre modeller for oppfølging i VTA-O, hvor også andre aktører enn Nav – eksempelvis HELT MED – kan være ansvarlig for oppfølging.

Om lag 23 prosent av deltakarane i varig tilrettelagt arbeid er tilsette i ei ordinær verksemd (VTA-O). NAV gir tilskot til verksemda (kr. 6 083 i månaden i 2021) som stiller med ein av sine medarbeidarar som fadder som skal følgje opp deltakaren. Det er ei vanleg meining at deltakarane i VTA i ordinær verksemd er ei noko sterkare gruppe enn deltakarar i VTA i skjerma verksemd, utan at dette er dokumentert.

Eg har ikkje grunn til å meine at VTA-O, slik tiltaket er innretta i dag, er ein dårleg modell. Arbeids- og velferdsdirektoratet har ikkje rapportert om særskilde problem. Oxford Research gjorde ei kartlegging av oppfølginga i VTA-O våren 2021. Denne syner at NAV-rettleiingar er lite involverte i oppfølginga av deltakarane i VTA i ordinære verksemdar. Arbeidsgivarane ønskjer hjelp i starten, mellom anna til å finne høvelege oppgåver for deltakaren. Men til vanleg kan det sjå ut som at behovet for hjelp frå NAV ikkje er så stort.

Eg er likevel ikkje framand for å sjå nærare på VTA-O, og om ordninga kan betrast. Det vil då være naturleg at ein vurderer behovet for å styrkje oppfølginga i VTA i ordinære verksemdar (VTA-O) og korleis dette i så fall bør gjerast. Eg meiner ein ikkje kan svare på om oppfølginga best kan gjerast av tilsette i NAV, dei skjerma verksemdene eller andre organisasjonar som til dømes Helt med, før etter at ei slik utgreiing er gjennomført.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink. The signature consists of a large, stylized 'H' that loops around the word 'Tajik'. The name 'Hadia' is written in a smaller, cursive script above the 'H'.

Hadia Tajik